

# STRANDA KOMMUNE



**ÅRSMELDING**

**2018**

**Innhald:**

<b>1: BAKGRUNN</b>	<b>Side 3</b>
<b>2: TILHØVE SOM ER VIKTIG FOR Å VURDERE KOMMUNEN SI ØKONOMISKE STILLING</b>	<b>Side 3</b>
<b>2a: Netto driftsresultat</b>	<b>Side 3</b>
<b>2b: Akkumulert meir- /mindreforbruk</b>	<b>Side 4</b>
<b>2c: Likviditet</b>	<b>Side 5</b>
<b>2d: Lånegjeld</b>	<b>Side 6</b>
<b>2e: Særskilde hendingar</b>	<b>Side 7</b>
<b>3: LIKESTILLING OG DISKRIMINERING</b>	<b>Side 7</b>
<b>4: INTERNKONTROLL OG ETISK STANDARD</b>	<b>Side 9</b>
<b>4a: Etske retningsliner</b>	<b>Side 9</b>
<b>4b: Internkontroll</b>	<b>Side 9</b>
<b>5: VESENTLEGE AVVIK MELLOM BUDSJETT OG REKNESKAP</b>	<b>Side 10</b>
<b>5a: Budsjett- og rekneskapsskjema 1A – drift akkumulert</b>	<b>Side 10</b>
<b>5b: Budsjett- og rekneskapsskjema 1B – drift per eining</b>	<b>Side 12</b>
<b>5c: Budsjett- og rekneskapsskjema 2A – investering aggregert</b>	<b>Side 14</b>
<b>5d: Budsjett- og rekneskapsskjema 2B – investering per prosjekt</b>	<b>Side 16</b>

## 1: BAKGRUNN

Kommunelova §48 seier at kommunane kvart år skal utarbeide ein årsrekneskap og ei årsmelding. Desse skal utgjere eigne separate dokument som skal handsamast kvar for seg i kommunen sine politiske organ. Kommunelova gir i §48 ein avgrensa opplisting av kva som skal takast med i hhv. årsrekneskapen og årsmeldinga. Rekneskapsforskrifta gir i tillegg meir utfyllande informasjon om minstekrav til innhald i kommunen sin årsrekneskap og årsmelding.

Foreininga for God Kommunal Rekneskapskikk fastsette den 22. januar 2018 «Kommunal Rekneskapsstandard nr 6». Denne rekneskapsstandarden omhandlar kva som både skal og bør vere med av noter i årsrekneskapen, og vidare kva informasjon som bør gjerast reie for i årsmeldinga. Stranda kommune har som mål å utforme årsrekneskap og årsmelding i tråd med krava i kommunelova, rekneskapsforskrifta og den nyleg vedtekne kommunale rekneskapsstandarden.

## 2: TILHØVE SOM ER VIKTIGE FOR Å VURDERE KOMMUNEN SI ØKONOMISKE STILLING

§48, punkt 5 i kommunelova seier at ein i årsmeldinga skal gjere reie for tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske situasjon. Dei viktigaste indikatorane som seier noko om kommunen si økonomiske stilling er netto driftsresultat, akkumulert under- / overskot, likviditet, utvikling i lånegjeld og eventuelle særskilde økonomiske hendingar. I det vidare vil ein gå gjennom og vurdere Stranda kommune si stilling på kvar av desse områda.

### 2a: Netto driftsresultat

Tabell 1 syner utviklinga i netto driftsresultat for Stranda kommune dei siste 10 rekneskapsåra.

År	Netto driftsresultat NOK	%
2009	-3 900 872	-1,40 %
2010	-12 717 094	-3,30 %
2011	-3 356 432	-2,20 %
2012	3 681 668	1,20 %
2013	17 219 398	6,20 %
2014	6 176 616	2,00 %
2015	629 960	0,17 %
2016	20 792 937	6,90 %
2017	20 773 085	5,30 %
2018	10 096 677	2,39 %

Tabell 1: Netto driftsresultat i perioden 2009-2018


Netto driftsresultat er det resultatomgrepet som etter kommunal rekneskapsstandard er mest samanliknbart med omgrepet «ordinært resultat» i ei verksemd som fører ein resultatorientert rekneskap etter Norsk Standard.

Teknisk Berekningsutvalg for Kommunal og Fylkeskommunal Økonomi (TBU) held netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat syner kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Utvalet si anbefaling er at netto driftsresultat som heilheit over tid bør vere på om lag 1,75% av brutto driftsinntekter for primærkommunane. Grunnen til at netto driftsresultat over tid må vere positivt er at kommunar fører ein finansielt orientert rekneskap kor ikkje alt kapitalslit vert ført som utgift.

Omsett i praktisk politikk for Stranda kommune betyr dette at kommunen i snitt, over eit gitt antal år, ikkje kan ha investeringar som er høgare per år enn gjennomsnittleg netto driftsresultat over det same antall år, dersom kommuneøkonomien skal vere berekraftig på lang sikt.

Tabell 1 syner at netto driftsresultat for Stranda kommune har vore høgare enn TBU si anbefaling på 1,75% av brutto driftsinntekter i fem av dei siste seks åra. Den konkrete årsaken til at netto driftsresultat var nede på 0,17% i 2015 var at ein det året betalte ein monaleg del av dei bundne fonda for sjølvkostområda vatn og avlaup attende til abonnentane.

Figur 1 nedanfor gir ei grafisk framstilling av netto driftsresultat i NOK og i prosent av brutto driftsinntekter i dei ti åra 2009-2018.



Figur 1: Netto driftsresultat i NOK og i % av brutto inntekter.

## 2b: Akkumulert meir- /mindreforbruk

Tabell 2 på neste side syner framvekst og inndecking av akkumulert meirforbruk i Stranda kommune, og det kommunale føretaket Strandafjellet KF, i dei ti åra 2009-2018. Oppsettet samsvarar med note 17 i årsrekneskapen.

Stranda kommune gikk i dei fire åra 2009-2012 med eit akkumulert meirforbruk på NOK 29.500.521.- I tillegg gikk det dåverande kommunale føretaket Strandafjellet KF i løpet av dei tre åra 2010-2012 med eit akkumulert meirforbruk på NOK 21.300.499.- Sidan kommunen etter kommunelova er ansvarleg for inndeckninga av eventuelle meirforbruk i kommunale føretak vart meirforbruket i Strandafjellet KF lagt til kommunens meirforbruk slik at Stranda kommune ved utgangen av 2012 hadde eit samla

akkumulert meirforbruk på NOK 50.801.020.- Etter søknad til det dåverande Kommunal- og Regionaldepartementet vart Stranda kommune gitt 10 år til å dekke inn det akkumulerte meirforbruket.

	2009	2010	2011	2012	2013
Meirforbruk Stranda Kommune	-1 552 458	-10 933 558	-7 276 075	-9 738 430	-
Meirforbruk Strandafjellet KF	0	-2 471 688	-7 166 677	-11 662 134	-
Meirforbruk Konsern	-1 552 458	-13 405 246	-14 442 752	-21 400 564	-
Inndekning - konsern	-	-	-	-	-
Akkumulert meirforbruk - konsern	-1 552 458	-14 957 704	-29 400 456	-50 801 020	-50 801 020

	2014	2015	2016	2017	2018
Meirforbruk Stranda Kommune	-	-	-	-	-
Meirforbruk Strandafjellet KF	-	-	-	-	-
Meirforbruk Konsern	-	-	-	-	-
Inndekning - konsern	2 929 396	6 684 678	8 507 226	15 888 958	16 790 762
Akkumulert meirforbruk - konsern	-47 871 624	-41 186 946	-32 679 720	-16 790 762	0

Tabell 2: Framvekst og inndekning av akkumulert meirforbruk i perioden 2009-2018.

Som det kjem fram av tabell 2 brukte Stranda kommune dei seks åra 2013-2018 til å dekke inn det akkumulerte meirforbruket. Rekneskapsmessig er sjølve inndekninga ført i dei fem åra 2014-2018, medan ein kan sjå på 2013 som eit år som vart brukt til å omstille drifta i kommunen frå underskot til balanse.

Frå og med rekneskapsåret 2019 har ikkje Stranda kommune noko meir akkumulert meirforbruk som skal dekkjast inn. I røynda vil det seie at dei midlane som dei siste åra er disponert av kommunestyret til inndekning av akkumulert meirforbruk frå 2019 kan disponerast fritt. Ved handsaminga av rekneskapa for 2018, i juni 2019, utgjer desse midlane til fri disponering NOK 12.988.046.-

## 2c: Likviditet

Omgrepet likviditet er eit uttrykk for evna til å kunne betale laupande utgifter. Ved analyse av ein rekneskap er det vanleg å angi likviditeten ved hjelp av ein likviditetsgrad. Den mest brukte likviditetsgraden er den såkalla likviditetsgrad 1. Likviditetsgrad 1 er definert som **Omløpsmidlar/Kortsiktig gjeld**. Likviditetsgrad 1 bør vere høgare enn 2 for at ein kan seie at likviditeten er god. Tabell 3 nedanfor syner omløpsmidlar, kortsiktig gjeld og den tilhøyrande likviditetsgrad 1 for Stranda kommune dei siste ti åra. Som ein kan sjå er likviditeten til Stranda kommune, målt ved likviditetsgrad 1, god.

Utover likviditetsgrad 1 finnst det også ein likviditetsgrad 2, 3 og 4 som det er vanleg å måle ein balanserekneskap etter. Forskjellen på dei ulike likviditetsgradane er at dei tek utgangspunkt i stadig snevrare definisjonar av kva balansepostar som går inn i omgrepa omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Siden storleiken av Stranda kommune sine omløpsmidlar ved årsskiftet består av bankinnskott, og sikre fordringar som kan krevjast inn etter Skattelova, vil desse likviditetsgradane ikkje endre på konklusjonen at likviditeten i Stranda kommune er god.

Likviditet er generelt eit noko underkommunisert omgrep i norske kommunar. Bakgrunnen for det er at norske kommunar ikkje kan gå konkurs. Dei vil alltid ha tilgang til ei kredittvindaue for finansiering av laupande betalingar sjølv om kommunekassa skulle gå tom for pengar. Dette er i sterk motsetnad til private føretak som er, i det minste teknisk, konkurs den dagen dei ikkje har omløpsmidlar eller tilgang på kreditt til å dekke laupande krav frå leverandørar.

År	Omløpsmidlar	Kortsiktig gjeld	Likviditetsgrad 1
2009	121 067 247	40 563 798	2,98
2010	42 717 956	56 648 989	0,75
2011	69 684 983	54 906 755	1,27
2012	79 048 277	46 802 528	1,69
2013	121 503 177	47 170 481	2,58
2014	87 143 982	43 885 047	1,99
2015	109 048 705	45 760 771	2,38
2016	137 868 121	51 665 218	2,67
2017	164 257 584	55 448 863	2,96
2018	171 414 897	61 194 255	2,80

Tabell 3: Omløpsmidlar, kortsiktig gjeld, likviditetsgrad 1

## 2d: Lånegjeld

Tabell 4 gir ei oversikt over lånegjelda i Stranda kommune i tiårsperioden 2009-2018.

År	Brutto lånegjeld	Brutto drifts-inntekter	Brutto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	Formidlingslån	Ubrukte lånemidler	Netto lånegjeld	Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter
2009	466 588 970	281 524 003	166 %	13 451 028	58 526 945	394 610 997	140 %
2010	505 283 149	295 969 261	171 %	19 105 913	3 936 011	482 241 225	163 %
2011	599 526 472	316 293 815	190 %	18 333 749	18 863 839	562 328 884	178 %
2012	638 651 739	335 517 793	190 %	17 552 265	39 048 012	582 051 462	173 %
2013	701 012 608	357 427 673	196 %	16 301 481	75 620 904	609 090 223	170 %
2014	735 086 992	358 306 481	205 %	17 758 093	68 390 904	648 937 995	181 %
2015	738 014 535	364 793 370	202 %	16 340 247	78 315 532	643 358 756	176 %
2016	730 662 155	387 612 444	189 %	15 653 539	90 732 328	624 276 288	161 %
2017	727 574 177	406 749 809	179 %	13 756 912	92 565 061	621 252 204	153 %
2018	702 689 415	422 141 344	166 %	15 708 330	83 880 307	603 100 778	143 %

Tabell 4: Lånegjeld

Brutto lånegjeld omfattar alle lån tekne opp av Stranda kommune, men ikkje lån tekne opp av det kommunale føretaket Stranda Hamnevesen KF. Brutto driftsinntekter omfattar samtlege av kommunen sine driftsinntekter innanfor alle ansvar, inkludert sjølvkostområda. Brutto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter angir kor stor andel i prosent brutto lånegjeld utgjer av brutto driftsinntekter. Dette er den indikatoren SSB no nyttar som mål på gjeldsgrad i kommunane.

Formidlingslån er lån som Stranda kommune har teke opp i Husbanken og som vert formidla vidare til private lånetakarar som har utfordringar med å kome seg inn på husmarknaden. Kommunen har ikkje

i seg sjølv noko utgifter korkje til avdrag eller renter på desse formidlingslåna. Risikoen ved å administrere formidlingslåna er låg.

Ubrukte lånemidlar er låneopptak til investeringar eller til formidlingslån som ikkje er brukte til investeringar eller utlån. I røynda er dette likvide midlar som er plassert i banken. Sidan kommunen mottek høgare rente på desse midlane som bankinnskot enn det vi betaler i rente på dei same midlane som låneopptak vil det i noverande situasjon vere lønsamt ikkje å bruke dei til reduksjon av gjeld. I det øvrige er mesteparten av dei ubrukne lånemidlane disponert til investeringar i Stranda kommune sitt budsjett for 2019.

Brutto lånegjeld, med fråtrekk av formidlingslån og ubrukne lånemidlar, utgjer netto lånegjeld. Som tabell 4 syner var både brutto lånegjeld og netto lånegjeld, som andel av brutto driftsinntekter, på topp i Stranda kommune i 2014. Sidan då har kommunen redusert gjeldsgraden noko, og ligg ved utgangen av 2018 om lag på same nivå som ved utgangen av 2009.

Objektivt sett har Stranda kommune ein særst høg gjeldsgrad. Kommunen er imidlertid ikkje lenger på topp i Noreg, eller sogar i Møre og Romsdal, i målt gjeldsgrad. Stranda kommune har i perioden 2014 – 2018 hatt ein reduksjon i netto gjeldsgrad frå 181% til 143%. Fleirtalet av kommunar i Noreg har imidlertid i same tidsrom hatt ein auke i netto gjeldsgrad. For 2019 er brutto gjeldsgrad venta å synke ytterlegare til rundt 155% medan netto gjeldsgrad er venta å auke til om lag 150%. Det siste kjem som ein konsekvens av at kommunen i 2019 finansierer investeringar v.h.a. ubrukne lånemidlar i staden for nye låneopptak. Så snart dei ubrukne lånemidlane er oppbrukte vil einaste skilje mellom netto og brutto gjeldsgrad ligge i storleiken på formidlingslåna.

## 2e: Særskilde hendingar

Avslutninga av rekneskapen for 2018 syner at det ikkje er midlar att på sjølvkostfonda for vatn og feiing til å dekke den fulle kostnaden ved drifta av desse tenestane i 2018. Det har som konsekvens at produksjon og distribusjon av vatn i 2018 belastar kommunekassa med NOK 1.083.056.- medan feiing belastar kommunekassa med NOK 23.868.- Beløpa er å rekne som framførbare underskot på dei respektive sjølvkostområda, og vert å hente inn att til kommunekassa gjennom gebyra på vatn og feiing dei komande 2-3 åra.

Frå før har Stranda kommune eit framførbart underskot på sjølvkostområdet renovasjon. IB på dette framførbare underskotet var per 01.01.18 NOK 2.780.495.- Inndekning i 2018 er NOK 746.204.- UB på det framførbare underskotet vert etter dette NOK 2.034.291.-

## 3: LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Kommunelova §48, punkt 5, seier følgjande om innhaldet i årsmeldinga:

*«Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk».*

Av 418 tilsette i Stranda kommune er 94 menn og 324 kvinner. Tabell 5 nedanfor syner utviklinga i kjønnsfordeling dei siste tre åra.

Antal tilsette fordelt på kjønn 2016		Antal tilsette fordelt på kjønn 2017		Antal tilsette fordelt på kjønn 2018	
Kvinner	308	Kvinner	319	Kvinner	324
Menn	99	Menn	99	Menn	94
Totalt	407	Totalt	418	Totalt	418

Tabell 5: Antal tilsette fordelt på kjønn 2016-2018

Kommuneleiinga hadde i 2018 2 menn og 3 kvinner. F.o.m. mai 2019 vil kommuneleiinga bestå av 2 menn og 4 kvinner. På einingsleiarniva er det 12 kvinner og 5 menn. Ein opplever at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går igjen i kommunen; stort sett kvinner i omsorgs- og reinhaldaryrke. Kvinnene overtek og meir i skuleverket/undervisning, medan menn er overrepresentert i tekniske stillingar.

Kvinner har i større grad enn menn deltidsstillingar. Ein stor del av deltidsarbeidet er frivillig som følge av ansvar for små born. Det vert arbeidd jamnt med å redusere andelen av ufrivillig deltid. Når stillingar vert ledige søker ein så langt drifta tilseier at det er forsvarleg å auke opp stillingsstorleiken for dei som ønskjer det. I tillegg vurderer den einskilde einingsleiar jamnleg eigne stillingsressursar og løysningar innanfor eiga eining. Det vert og sett på alternative løysningar på tvers av einingar og fagområde. Det er sett ned ei gruppe som arbeider med lokale retningslinjer på området med formål om å auke andelen heiltidstilsette.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik fordelt på kjønn for dei to åra 2016 og 2017 er gitt i tabell 6 nedanfor. Ein har ikkje tal for året 2018.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik per 2016 i Stranda kommune fordelt på kjønn		Gjennomsnittleg stillingsstorleik per 2017 i Stranda kommune fordelt på kjønn	
Kvinner	78 %	Kvinner	77 %
Menn	86 %	Menn	78 %
Alle	80 %	Alle	78 %

Tabell 6: Gjennomsnittleg stillingsstorleik. Kjelde: Kommunenes arbeidsgivarmonitor 2016 og 2017.

I rekrutteringsprosessar er det eit klart ønskje at fleire menn søker til stillingar innan helse/omsorg og barnehage, og tilsvarande at kvinner i større grad søker seg til tekniske stillingar. I røynda handlar det likevel om å få kvalifiserte søkerar, i betydninga både formelt kvalifiserte og personleg eigna, til jobben. Kommunen er sjelden i ein situasjon kor ein kan velje det kjønnnet som er underrepresentert. Om ein i stillingsannonsa skal oppmode søkerar frå eitt kjønn særskilt til å søkje vert drøfta med einingsleiar, personalansvarleg og tillitsvalde før utlysning av stillinga.

Stranda kommune har vidare gjennomført følgjande tiltak for å fremje likestilling:

- Like moglegheiter til etter- / vidareutdanning.
- Seniortiltak: Tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid, naudsynt kompetanseheving, ekstra fridagar eller tillegg i lønn.



- Tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne eller som av andre årsaker har behov for personleg tilpassing.
- Utarbeiding av rutinar mot mobbing og trakassering.
- Tilsette i foreldrepermisjon og langtidssjukemeldte vert vurdert på lik linje med andre tilsette i lokale forhandlingar.
- Det vert gitt særskilte tillegg om ein oppdagar urimeleg skeivskap i løn.

Stranda kommune har ikkje eit eige likestillingsutval. Saker innanfor området vert handsama av det partsamansette utvalet (PAU).

#### 4: INTERNKONTROLL OG ETISK STANDARD

Etter kommunelova §48, punkt 5, skal det i årsmeldinga gjerast reie for «tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten».

##### 4a: Etiske retningslinjer

Kommunestyret gjorde i sak KOM 070/15 vedtak om etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Stranda kommune. Retningslinjene pålegg kommunestyret, rådmannen og einingsleiarane å utvise ein leiarskap basert på høg etisk standard.

Det er nedfelt at det skal orienterast om dei etiske retningslinjene ved samlingar for nyttilsette. Det skal orienterast om dei etiske retningslinjene ved opplæring av folkevalde.

##### 4b: Internkontroll

Stranda kommune har utforma «Retningslinjer for sakshandsaming av politiske saker og fullført sakshandsaming i Stranda kommune». Desse retningslinjene vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Det er utforma eige delegasjonsreglement for delegasjon av mynde frå rådmannen til kommunalsjefar, stab- / støttefunksjonen og einingsleiarar i Stranda kommune. Delegasjonsreglementet vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Det er utforma eige reglement for møtestruktur, roller, ansvar og oppgåver for sentrale administrative møteforum i Stranda kommune. Reglementet er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Rådmannen har sett net eit eige kvalitetsutval i Stranda kommune. Dokument med utforming av mandat, ansvar og oppgåver for kvalitetsutvalet er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Rådmannen har saman med resten av den strategiske leiargruppa i Stranda kommune gjennomført kurs i PLP-metodikk (Prosjekt-Leier-Proessen) som er ein metode for styring av prosjekt utvikla av Innovasjon Norge. I etterkant av kurset har leiargruppa utforma ei eiga handbok for styring av prosjekt. Handboka er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Stranda kommune har teke i bruk kvalitetssystemet Compilo som er eit system for melding og handsaming av avvik samt systematisering og deling av informasjon vedkomande reglement, prosedyrer og rutiner.

Innkjøp er i Stranda kommune delegert frå kommunestyret til rådmannen. Rådmannen har delegert ansvaret vidare til økonomisjefen som fungerer som innkjøpsansvarleg i kommunen. Økonomisjefen har utforma ei administrativ prosedyre for korleis anskaffingsprosessar skal gjennomførast i Stranda kommune.

## 5: VESENTLEGE AVVIK MELLOM BUDSJETT OG REKNESKAP

Ifølgje den omtalte Kommunal Rekneskapsstandard nr. 6 skal det i årsmeldinga «redegjøres for vesentlige avvik mellom regnskapsført beløp og regulert budsjett for de enkelte linjene i regnskapsskjema 1A og B og 2A og B». Standarden seier vidare at «redegjørelsen skal forklare årsakene til at budsjettavviket har oppstått».

Det er noko uklårt kva som definerer eit vesentleg avvik. Økonomisjefen har valgt å sette grensa for eit vesentleg avvik på 3% av justert budsjett. Det betyr at berre avvik som er høgare enn 3% vil verte analysert.

Nedanfor er dei fire rekneskapskjemaene gjengitt saman med ei systematisk utreiing av avrika der desse overstig **3% av justert budsjett**.

### 5a: Budsjett- og rekneskapskjema 1A – drift aggregert

Linje nr.	Tekst	Rekneskap 2018	Budsjett 2018 justert	Avvik NOK	Avvik %
1	Skatt på inntekt og formue	127 018 722	121 127 000	5 891 722	4,86 %
2	Ordinært rammetilskot	145 493 902	145 944 000	-450 098	-0,31 %
3	Skatt på eigedom	15 392 234	15 235 468	156 766	1,03 %
4	Andre direkte eller indirekte skattar	171 382	20 000	151 382	756,91 %
5	Andre generelle statstilskot	21 812 498	12 688 798	9 123 700	71,90 %
<b>6</b>	<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>309 888 738</b>	<b>295 015 266</b>	<b>14 873 472</b>	<b>5,04 %</b>
7	Renteinntekter og utbytte	4 736 745	5 315 028	-578 284	-10,88 %
8	Gevinst finansielle instrument	-	-	-	
9	Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	9 895 513	10 257 360	-361 847	-3,53 %
10	Tap finansielle instrument	-	-	-	
11	Avdrag på lån	26 836 180	26 000 000	836 180	3,22 %
<b>12</b>	<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-31 994 948</b>	<b>-30 942 332</b>	<b>-1 052 616</b>	<b>3,40 %</b>
13	Til dekning av tidligare regnsk.m. meirforbruk	16 790 762	18 628 945	-1 838 183	-9,87 %
14	Til ubundne avsetningar	-	-	-	
15	Til bundne avsetningar	8 621 901	3 212 027	5 409 874	168,43 %
16	Bruk av tidligare regnsk.m. mindreforbruk	15 628 945	15 628 945	0	0,00 %
17	Bruk av ubundne avsetningar	4 193 226	4 193 226	-	0,00 %
18	Bruk av bundne avsetningar	8 481 862	6 330 083	2 151 779	33,99 %
<b>19</b>	<b>Netto avsetningar</b>	<b>2 891 370</b>	<b>4 311 282</b>	<b>-1 419 912</b>	<b>-32,93 %</b>
20	Overført til investeringsregnskapen	-	-	-	
21	Til fordeling drift	280 785 160	268 384 216	12 400 944	4,62 %
<b>22</b>	<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>267 797 113</b>	<b>268 384 216</b>	<b>-587 103</b>	<b>-0,22 %</b>
<b>23</b>	<b>Regnskapsmessig mindreforbruk(+)/meirforbruk(-)</b>	<b>12 988 047</b>	<b>-</b>	<b>12 988 047</b>	

Tabell 7: Avvik i rekneskapskjema 1A 2018

Kommentarar til avvika:

Linje 1: Skatteinntektene til kommunen i 2018 var NOK 5.891.722.- høgare enn lagt til grunn i kommunen sitt budsjett. Dette er ei meirinntekt på 4,86%. Avviket føyer seg inn i ein trend vi har sett dei seinare åra med meirskatteinntekt i høve dei anslaga som er gitt i Statsbudsjettet og i prognosemodellen frå KS. Erfaringsmessig veit ein at periodar med høg skattevekst vert avløyst av periodar med lågare, eller ingen, skattevekst. Ein bør difor også for komande år legge anslaga i statsbudsjettet til grunn for skatteinngangen komande år, og ikkje falle for freistnaden til å budsjettere med høgare skatteinntekter.

Linje 4: Andre direkte eller indirekte skattar omfattar konsesjonsavgifter frå Stranda Energi AS og Tafjord Kraftproduksjon AS. Avviket på NOK 151.382.- skuldast at inntektene har vært budsjettert for lågt i budsjettet for 2018.

Linje 5: Inntektene frå andre generelle statstilskot var i 2018 NOK 9.123.700.- høgare enn budsjettert. Avviket skuldast i det vesentlege ei ekstraordinær utbetaling frå Havbruksfondet på drygt 7,3 MNOK. Utbetaling av øyremerka midlar har vidare vore høgare enn lagt til grunn i budsjett i 2018, medan integreringstilskot for flyktningar har vore lågare enn lagt til grunn i budsjettet for 2018.

Linje 7: Renteinntekter og utbytte var i 2018 NOK 578.824.- lågare enn budsjettert. Den vesentlegaste grunnen til det er at Stranda Energi AS betalte eit utbytte på NOK 2.000.000.- lågare enn lagt til grunn i budsjettet. På den andre sida medførte den generelle renteoppgangen gjennom 2018 høgare renteinntekter frå bankinnskot som langt på veg kompenserte for bortfallet av inntekter frå utbytte.

Linje 9: Renteutgiftene ble NOK 361.847.- lågare enn budsjettert.

Linje 11: Avdrag på lån vart i 2018 NOK 836.180.- høgare enn lagt til grunn i budsjettet. Avviket skuldast at ein ved årsoppgjeret måtte ta ei ekstraavsetning til avdrag etter utrekning av samla minsteavdrag for året.

Linje 13: Avsetning til inndekning av rekneskapsmessig meirforbruk tidlegare år vart NOK 1.838.138.- lågare enn lagt til grunn i budsjettet for 2018. Årsaken er at ein etter disponeringa av årsresultatet for 2017 til forsert inndekning ikkje trong å disponere heile budsjettsummen på NOK 6.000.000.- i årsbudsjettet for 2018 til dette.

Linje 15: Det er sett av NOK 5.409.874.- meir til bundne avsetningar enn lagt til grunn i budsjettet for 2018. Dette er i det vesentlege øyremerka midlar som kommunen har motteke i 2018 etter søknad til statlege organ. Av omsyn til kravet om å vere forsiktig med budsjettering av usikre inntekter vert det i liten grad budsjettert med inntekt frå øyremerka midlar dersom desse må omsøkjast. Avviket må sjåast opp mot avvik med motsett fortegn i linje 18 som gjeld bruk av bundne avsetningar.

Linje 18: Det er brukt NOK 2.151.779.- meir av bundne avsetningar enn lagt til grunn i budsjettet for 2018. dette har direkte samanheng med avviket i linje 15 i og med at høgare inntekter frå øyremerka midlar også medfører at ein kan ha høgare utgifter finansiert v.h.a. øyremerka midlar.

Linje 21: Linje 21 syner at ein i 2018 totalt hadde NOK 12.400.944.- meir å disponere i drifta av Stranda kommune enn det som vart lagt til grunn ved vedtaket av budsjettet for 2018.

Linje 22: Linje 22 syner at det i 2018 totalt vart brukt NOK 587.103.- mindre til drift av Stranda kommune enn det som vart lagt til grunn i justert budsjett for 2018. Dette er den summen einingane har spart på drifta i høve budsjett for 2018.

Linje 23: Linje 23 er summen av linje 21 og linje 22 og syner at Stranda kommune for rekneskapsåret 2018 har eit mindreforbruk på NOK 12.988.047.- Dette er den summen kommunestyret skal disponere ved handsaminga av rekneskapsen for 2018 på sitt møte den 26. juni 2019.

### 5b: Budsjett- og rekneskapskjema 1B – drift per eining

Linje nr	Ansvar	Eining	Rekneskap 2018	Budsjett 2018 justert	Avvik NOK	Avvik %
1	1010, 1011	POLITISK LEIING/RÅDMANNSKONTORET	10 649 820	5 463 470	5 186 350	94,9 %
2	1020,1021,1023,1030	ØKONOMI/PERSONAL/IKT/SERVICEKONTORET	13 041 697	13 449 450	-407 753	-3,0 %
3	1022	FAG	15 721 143	16 564 042	-842 899	-5,1 %
4	1040	LØNNSPOTT	-	2	-2	n.a.
5	2010	RINGSTAD SKULE	24 774 239	24 606 749	167 490	0,7 %
6	2020	SUNNYLVEN SKULE	9 640 798	9 670 596	-29 798	-0,3 %
7	2030	GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE	6 180 363	6 328 440	-148 077	-2,3 %
8	2040	LIABYGDA SKULE OG BARNEHAGE	4 360 304	4 276 301	84 003	2,0 %
9	2050	HELSTAD BARNEHAGE	3 793 068	3 767 837	25 231	0,7 %
10	2060	STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPLÆRING	17 474 066	17 776 873	-302 807	-1,7 %
11	2110	RINGSTAD BARNEHAGE	7 512 930	7 708 359	-195 429	-2,5 %
12	2120	SUNNYLVEN BARNEHAGE	3 146 533	3 291 852	-145 319	-4,4 %
13	2200	PP-KONTORET	1 739 282	1 910 156	-170 874	-8,9 %
14	3010-3014	STRANDA DISTRIKT	58 693 890	58 321 907	371 983	0,6 %
15	3020	SUNNYLVEN DISTRIKT	13 799 280	14 507 479	-708 199	-4,9 %
16	3030	GEIRANGER DISTRIKT	4 832 936	4 947 929	-114 993	-2,3 %
17	3040-3042	HABILITERING/REHABILITERING	16 657 560	16 510 091	147 469	0,9 %
18	3050	HELSETENESTA	14 119 598	14 271 730	-152 132	-1,1 %
19	3060-3065	SOSIALTENESTA	6 231 997	9 644 814	-3 412 817	-35,4 %
20	3070	NAV	1 417 483	1 293 506	123 977	9,6 %
21	4010-4014	KULTUR OG FRITID	4 588 516	4 363 294	225 222	5,2 %
22	5010	PLAN/MILJØ/NÆRING	4 759 806	5 826 594	-1 066 788	-18,3 %
23	6010	KOMMUNALTEKNIKK/BRANNVERN	14 488 088	14 209 635	278 453	2,0 %
24	7010	VAKTMESTERTENESTA	3 347 464	3 501 394	-153 930	-4,4 %
25	7030	HUS TIL UTLEIGE	23 234	-	23 234	n.a.
<b>26</b>		<b>SUM</b>	<b>260 994 095</b>	<b>262 212 500</b>	<b>-1 218 405</b>	<b>-0,5 %</b>
27		Sum korrigeringar	6 803 018	6 171 716	631 302	10,2 %
28		Sum i alt	267 797 113	268 384 216	-587 103	-0,2 %

Tabell 8: Avvik i rekneskapskjema 1B 2018

#### Kommentarar til avvika:

Linje 1: Politisk leiing/Rådmannskontoret har eit meirforbruk på på NOK 5.186.350.- i høve budsjett i 2018. Avviket skuldast i si heilheit at premieavviket i 2018 vart NOK 5.214.162.- lågare enn lagt til grunn i budsjettet for 2018. Etter fagleg råd frå økonomisjefen kjem Stranda kommune til å fortsette praksisen med å budsjettere og rekneskapsføre premieavviket og amortiseringa av premieavvik for tidlegare år på ansvar 1011 – rådmannskontoret. Det betyr at vi også for framtida kjem til å oppleve til dels store avvik på dette ansvaret såframt premieavviket endrar seg vesentleg frå budsjettvedtaket til avslutninga av rekneskapsen for det respektive året.

Linje 2: Stabsfunksjonane økonomi, personal, IKT og servicekontoret har eit mindreforbruk på NOK 407.753.- Mindreforbruket skuldast lågare lønnskostnadar enn lagt til grunn i budsjett for 2018.

Linje 3: FAG har eit mindreforbruk på NOK 842.899.- i høve budsjett for 2018. Mindreforbruket skuldast lågare betaling for skuleplassar i andre kommunar og lågare utgifter til skuleskyss enn lagt til grunn ved utforminga av budsjettet for 2018.

Linje 12: Sunnylvn Barnehage har eit mindreforbruk på NOK 145.319.- for rekneskapsåret 2018. Mindreforbruket skuldast lågare lønnskostnadar og høgare brukarbetaling enn lagt til grunn ved utforminga av budsjettet for 2018.

Linje 13: PP-Kontoret har eit mindreforbruk på NOK 170.874.- i høve budsjett for 2018. Mindreforbruket skuldast lågare personalkostnadar enn lagt til grunn i budsjettet for 2018.

Linje 15: Sunnylvn Distrikt har eit mindreforbruk på NOK 708.199.- for rekneskapsåret 2018. Mindreforbruket skuldast ein kombinasjon av lågare utgifter til sosiale kostnadar, høgare brukarbetaling og høgare refusjonar frå staten enn lagt til grunn i budsjettet for 2018.

Linje 19: Sosialtenesta har eit mindreforbruk på NOK 3.412.817.- for rekneskapsåret 2018. Mindreforbruket skuldast at ein ikkje har hatt behov for å nytte midlar budsjettert til barnevernstiltak med flytting av born ut av familien. Vidare har det vore brukt mindre lønnsmidlar enn budsjett på tenestområdet psykiatri.

Linje 20: NAV har eit meirforbruk på NOK 123.977.- for rekneskapsåret 2018. Meirforbruket skuldast høgare lønnskostnadar enn budsjett som følgje av at lønnsmidlar til ein heimel som er budsjettert på sosialtenesta vert rekneskapsført på NAV. Dette skulle ha vore korrigert ved ei budsjettjustering i 2018, men dette vart ikkje gjort. Manglande budsjettjustering er økonomisjefen sitt ansvar og kan ikkje lastast einingsleiar.

Linje 21: Kultur og fritid har eit meirforbruk på NOK 225.222.- for rekneskapsåret 2018. Meirforbruket skuldast lågare inntekter frå brukarbetaling ved kulturskulen enn lagt til grunn i budsjettet for 2018.

Linje 22: Plan/Miljø/Næring har eit mindreforbruk på NOK 1.066.788.- for rekneskapsåret 2018. Mindreforbruket skuldast i det vesentlege mindre bruk av pengar på konsulenttenester innanfor planarbeid enn lagt til grunn i budsjettet for 2018.

Linje 24: Vaktmestertenesta har eit mindreforbruk på NOK 153.930.- for rekneskapsåret 2018. Mindreforbruket skuldast generell lågare pengebruk enn budsjett.

Linje 27: Sum korrigeringar består av finanspostar som er ført i rekneskapen til dei ulike einingane. Desse er gjort rede for i vedlegget til rekneskapsskjema 1B kalt «rekneskapsskjema 1B – drift – korrigeringar» som er å finne i rekneskapsheftet for Stranda kommune 2018.

### 5c: Budsjett- og rekneskapsskjema 2A – investering aggregert

Linje nr	Tekst	Rekneskap 2018	Budsjett 2018 justert	Avvik NOK	Avvik %
1	Investeringer i anleggsmidler	21 646 352	49 355 568	-27 709 216	-56,1 %
2	Utlån og forskutteringer	1 370 500	1 000 000	370 500	37,1 %
3	Kjøp av aksjer og andeler	1 165 238	1 100 000	65 238	5,9 %
4	Avdrag på lån	1 548 582	1 700 000	-151 419	-8,9 %
5	Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	n.a.
6	Avsetninger	-	-	-	n.a.
<b>7</b>	<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>25 730 672</b>	<b>53 155 568</b>	<b>-27 424 896</b>	<b>-51,6 %</b>
	Finansiert slik:				
8	Bruk av lånemidler	11 610 589	45 539 454	-33 928 865	-74,5 %
9	Inntekter fra salg av anleggsmidler	41 277	-	41 277	n.a.
10	Tilskudd til investeringer	100 000	-	100 000	n.a.
11	Kompensasjon for merverdiavgift	2 397 802	6 916 114	-4 518 312	-65,3 %
12	Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	9 086 863	700 000	8 386 863	1198,1 %
13	Andre inntekter	1 919 975	-	1 919 975	n.a.
<b>14</b>	<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>25 156 506</b>	<b>53 155 568</b>	<b>-27 999 062</b>	<b>-52,7 %</b>
15	Overført fra driftsregnskapet	-	-	-	n.a.
16	Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-	n.a.
17	Bruk av avsetninger	574 166	-	574 166	n.a.
<b>18</b>	<b>Sum finansiering</b>	<b>25 730 672</b>	<b>53 155 568</b>	<b>-27 424 896</b>	<b>-51,6 %</b>
<b>19</b>	<b>Udekket/udisponert</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>n.a.</b>

Tabell 9: Avvikrekneskapsskjema 2A

#### Kommentarar til avvika:

Linje 1: Investeringar i anleggsmidlar gir brutto utgifter for dei investeringane Stranda kommune har gjennomført i 2018 i anleggsmidlar. I høve budsjett er det eit avvik på totalt NOK 27.709.2016.- Dvs. at 56,1% av årets vedtekte investeringar i kroneverdi ikkje har vorte gjennomført. Dette må reknast som eit svært stort avvik. Det er grunn til å stille spørsmål om Stranda kommune legg inn for mange investeringsprosjekt i budsjetta sine i høve kva som kapasitetsmessig er mogleg å gjennomføre i løpet av eit år. Avvik for det einkilde prosjekt vert gjennomgått nedanfor.

Linje 2: Utlån og forskotteringer syner samla sum lånt ut i form av startlån i 2018. Denne vil variere ein del frå år til år, noko som gjer at avvik i høve budsjett her er pårekleleg.

Linje 3: Kjøp av aksjar og andelar syner eigenkapitaltilskot til KLP samt eventuelle andre investeringar i eigenkapital. I tillegg til eigenkapitalinskotet i KLP har Stranda kommune i 2018 skote inn NOK 25.000.- i Utviklingsforum Ålesund Lufthavn AS.

Linje 4: Avdrag på lån i investeringsrekneskapen syner samla avdrag på formidlingslån i Husbanken til vidareformidling som startlån.

Linje 7: Årets finansieringsbehov syner brutto utgifter til alle investeringar i kommunen for 2018. Avviket her oppstår i stor grad som følgje av avviket omtala i kommentaren til linje 1 overfor.

Linje 8: Bruk av lånemidler syner eit avvik på NOK 33.928.865.- Dette er eit stort avvik på heile 74,5% og oppstår som ein følge av at mange av dei budsjetterte investeringsprosjekta for året ikkje er fullførte eller oppstarta. Avviket syner igjen eit behov for ein meir kritisk gjennomgang av kva investeringsprosjekt det vert løyvd midlar til ved budsjettvedtaket.

Linje 9: Inntekter frå sal av anleggsmidlar omfattar inntekt frå sal av balanseførte eigendelar. For rekneskapsåret 2018 gjeld dette sal av tomteareal samt sal av kommunen sine aksjar i Vitafjord AS. Avviket på NOK 41.277.- kjem fram fordi ein av omsyn til forsiktig budsjettering ikkje legg inn inntekter frå sal av eigendelar som enno ikkje er kjent.

Linje 10: Tilskot til investeringar syner eit avvik på NOK 100.000.- i høve budsjett. Beløpet er eit tilskot frå Riksantikvaren til sikring av tette trehusmiljø og oppstår fordi ein av omsyn til forsiktig budsjettering ikkje legg inn tilskot som ikkje er kjende når budsjettet vert vedteke.

Linje 11: Kompensasjon for merverdiavgift syner eit avvik på NOK 4.518.312.- Igjen oppstår avviket som følge av at mange av dei budsjetterte investeringsprosjekta for året ikkje er fullførte eller oppstarta.

Linje 12: Mottekne avdrag på utlån og refusjonar syner eit avvik på NOK 8.386.863.- Avviket skuldast følgjande ekstraordinære inntekter:

- ENOVA-tilskot LED-armatur NOK 222.439.-
- Spelemidlar Strandahallen NOK 4.667.000.-
- Refusjonar frå private (utbyggingsavtalar) NOK 3.223.008.-
- Avdrag startlån over budsjett NOK 274.416.-

Linje 13: Andre inntekter syner eit avvik på NOK 1.919.975.- Avviket skuldast bidrag frå Stranda Energi AS i samband med deltaking i kommunale investeringsprosjekt. Desse inntektene var ikkje klarlagde på budsjettidspunktet.

Linje 17: Bruk av avsetningar syner eit avvik på NOK 574.166.- Avviket skuldast bruk av bunde investeringsfond for formidlingslån for å dekkje skilnaden mellom innbetalingar frå låntakarar og avdrag på formidlingslåna til Husbanken.

## 5d: Budsjett- og rekneskapskjema 2B – investering per prosjekt

Linje nr.	Prosjektnr.	Prosjektnamn	Rekneskap 2018	Budsjett 2018 justert	Avvik NOK	Avvik %
1	1200	UTSTYR DATA	292 613	250 000	42 613	17,0 %
2	1208	BREIBAND	21 908	338 930	-317 022	-93,5 %
3	2001	DATAUTSTYR SKULANE	917 050	930 493	-13 443	-1,4 %
4	2010	RINGSTAD SKULE - SYMJEBASSENG	295 250	680 000	-384 750	-56,6 %
5	2014	RINGSTAD SKULE - BRANNSIKRING	36 903	250 000	-213 097	-85,2 %
6	2015	RINGSTAD SKULE - ENØK	126 298	450 000	-323 702	-71,9 %
7	2016	RINGSTAD SKULE - NYE GRUPPEROM	286 070	286 070	0	0,0 %
8	2023	SUNNYLVEN SKULE - REHABILITERING	19 907	600 000	-580 094	-96,7 %
9	2040	LIABYGDA SKULE - TAK	199 323	250 000	-50 677	-20,3 %
10	3018	GEIRANGER OMSORGSSENTER BRANNSIKRING	10 000	-	10 000	n.a.
11	3019	STRANDA DISTRIKT - REHABILITERING SOLBAKKEN	-	1 700 000	-1 700 000	-100,0 %
12	3023	STRANDA DISTRIKT - SIGNALANLEGG	3 203 786	2 362 575	841 211	35,6 %
13	3025	BEREDSKAP AGGREGAT	-	700 000	-700 000	-100,0 %
14	3026	STRANDA DISTRIKT - SD-ANLEGG	-	500 000	-500 000	-100,0 %
15	4012	STRANDAHALLEN	70 913	2 200 000	-2 129 087	-96,8 %
16	4100	KYRKJELEG FELLESRÅD	375 000	375 000	0	0,0 %
17	5205	TOALETT - GEIRANGER	-	937 500	-937 500	-100,0 %
18	5310	FOSSEVANDRING GEIRANGER	1 251 753	400 000	851 753	212,9 %
19	5311	LYSSETTING HELLESYLTFOSSEN	200 000	200 000	0	0,0 %
20	6040	PARKTRAKTOR	1 868 750	-	1 868 750	n.a.
21	6088	AVLØP SVE-BERGE	2 336 589	-	2 336 589	n.a.
22	6093	PUMPESTASJON HELSEMVIKA VAR	7 545	200 000	-192 455	-96,2 %
23	6128	BRU STORELVA	146 603	2 000 000	-1 853 398	-92,7 %
24	6130	ASFALTERING	1 898 970	1 875 000	23 970	1,3 %
25	6134	TRAFIKKTRYGGING - BUSLØMME STORGATA 30	64 091	300 000	-235 909	-78,6 %
26	6141	UTSTYR BRANNVERN	323 448	250 000	73 448	29,4 %
28	6152	GANGVEG ØDEGÅRD	88 469	1 125 000	-1 036 531	-92,1 %
29	6153	BRANNBIL STRANDA	1 040	4 500 000	-4 498 960	-100,0 %
30	6176	STRANDVEGEN ETERNITTSANERING VAR	2 273 730	-	2 273 730	n.a.
31	6177	HEVSDALEN HØGDEBASSENG VAR	273 616	700 000	-426 384	-60,9 %
32	6178	VASSLEIING FRAMHUS/ETERNITTSANERING VAR	3 189 319	9 500 000	-6 310 681	-66,4 %
33	6179	VATN/AVLØP ØDEGÅRD - INDUSTRI	500 250	720 000	-219 750	-30,5 %
34	6199	DAM BU/VATN/SVARTEVATN	89 011	-	89 011	n.a.
35	6200	BYGGEFELT LIABYGDA - VEG	460 125	6 000 000	-5 539 875	-92,3 %
36	6206	KOPANE	71 528	3 000 000	-2 928 472	-97,6 %
37	6232	KRYSS FV60-FURSETRESET	115 200	4 925 000	-4 809 800	-97,7 %
38	6233	KRYSS FV60-LANGØYLIA	131 295	850 000	-718 706	-84,6 %
39	7614	KAIHUS HELLESYLT	500 000	-	500 000	n.a.
40		<b>SUM</b>	<b>21 646 352</b>	<b>49 355 568</b>	<b>-27 709 216</b>	<b>-56,1 %</b>

Tabell 10: Avvik rekneskapskjema 2B

### Kommentarar til avvika:

Følgjande investeringsprosjekt kor det var løyvd budsjettmidlar for 2018 vart ikkje starta opp i løpet av budsjettåret:

- Prosjekt 3019 Stranda Distrikt – Rehabilitering Solbakken
- Prosjekt 3025 Beredskap aggregat
- Prosjekt 3026 Stranda Distrikt – SD-anlegg
- Prosjekt 5205 Toalett Geiranger

Linje 1: Prosjekt 1200 - Utstyr data syner eit meirforbruk på NOK 42.613.- for året 2018.

Linje 2: Prosjekt 1208 - Breiband er brukt i liten grad i 2018 då løyvingar til breibandutbygging kor andre enn Stranda kommune er eigar av breibandet etter kommunale rekneskapsreglar må løyvast over driftsbudsjettet.



Linje 4: Prosjekt 2010 - Ringstad Skule symjebasseng syner eit mindreforbruk på NOK 384.750.- i 2018. Årsaken til mindreforbruket er at prosjektet ikkje vart slutført i 2018. Utgifter som påløper i 2019 vil verte rebudsjettert for dette året.

Linje 5: Prosjekt 2014 – Ringstad Skule brannsikring syner eit mindreforbruk på NOK 213.097.- Prosjektet vart ikkje slutført i 2018 og er rebudsjettert for 2019.

Linje 6: Prosjekt 2015 – Ringstad Skule ENØK syner eit mindreforbruk på NOK 323.702.- i 2018. Prosjektet vert ikkje ført vidare i 2019.

Linje 8: Prosjekt 2023 – Sunnylvn Skule rehabilitering syner eit mindreforbruk på NOK 580.094.- i 2018. Prosjektet vert vidareført med nytt budsjett i 2019.

Linje 9: Prosjekt 2040 – Liabygda Skule tak syner eit mindreforbruk på NOK 50.677.- i 2018. Prosjektet er avslutta i rekneskapen for 2018 og kom såleis inn billegare enn budsjettert.

Linje 12: Prosjekt 3023 – Stranda Distrikt signalanlegg syner eit meirforbruk på NOK 841.211.- i rekneskapen for 2018. Prosjektet vil imidlertid motta investeringsstønad frå Husbanken som vil dekke meirforbruket i 2018 pluss kostnadane ved slutføring av prosjektet i 2019.

Linje 15: Prosjekt 4012 – Strandahallen syner eit mindreforbruk på NOK 2.129.987.- for rekneskapsåret 2018. Prosjektet er ikkje slutført og er rebudsjettert i 2019.

Linje 18: Prosjekt 5310 - fossevandring Geiranger syner eit meirforbruk på NOK 851.753.- for rekneskapsåret. Meirforbruket skal imidlertid dekkast inn av gåvemidlar som vil verte inntektsført i rekneskapen for 2019.

Linje 20: Prosjekt 6040 – parktraktor syner eit meirforbruk på NOK 1.868.750.- for rekneskapsåret 2018. Traktoren er kjøpt inn med bakgrunn i budsjettløyving gjort på prosjekt 6047 i 2017. P.g.a. sein levering vart traktoren ikkje fakturert og rekneskapsført før i 2018, men utan tilhøyrande rebudsjettering i 2018.

Linje 21: Prosjekt 6088 – vatn/avløp Sve-Berge syner eit meirforbruk på NOK 2.336.589.- for rekneskapsåret 2018. Dette dreier seg om slutføringa av prosjektet budsjettert i 2017, men fakturert og rekneskapsført i 2018 utan tilhøyrande rebudsjettering for 2018.

Linje 22: Prosjekt 6093 – pumpestasjon Helsemvika VAR syner eit mindreforbruk på NOK for rekneskapsåret 2018. Prosjektet er vidareført som del av prosjekt 6176 Strandvegen eternittsanering VAR i budsjettet for 2019.

Linje 23: Prosjekt 6128 – bru Storelva syner eit mindreforbruk på NOK 1.853.398.- for rekneskapsåret 2018. Prosjektet er rebudsjettert i 2019 ved vedtak gjort av kommunestyret i sak KOM 003/19.

Linje 25: Prosjekt 6134 - trafikktrygging busslomme Storgata 30 syner eit mindreforbruk på NOK 235.909.- for rekneskapsåret 2018. Prosjektet er rebudsjettert i 2019 ved vedtak gjort av kommunestyret i sak KOM 003/19.

Linje 26: Prosjekt 6141 – utstyr brannvern har hatt eit meirforbruk på NOK 73.448.-

Linje 28: Prosjekt 6152 – gangveg Ødegård har eit mindreforbruk på NOK 1.036.531.- Prosjektet går over fleire år og er rebudsjettert i 2019.

Linje 29: Prosjekt 6153 – brannbil Stranda har eit mindreforbruk på NOK 4.498.960.- for rekneskapsåret 2018. Anskaffinga av ny brannbil vart ikkje gjennomført før i 2019. Prosjektet er rebudsjettert i 2019 ved vedtak gjort av kommunestyret i sak KOM 003/19.

Linje 30: Prosjekt 6176 – Strandvegen eternittsanering VAR syner eit meirforbruk på NOK 2.273.730.- for rekneskapsåret 2018. Meirforbruket skuldast at prosjektet er splitta ut av prosjekt 6178 vassleidning Framhus/eternittsanering VAR av rekneskapsmessige omsyn. Samla utgift for dei to prosjekta er for rekneskapsåret 2018 NOK 5.463.049.- mot budsjettløyving NOK 9.500.000.- Prosjekt 6176 – Strandvegen eternittsanering VAR vert vidareført med rebudsjettering for 2019.

Linje 31: Prosjekt 6177 – Hevsdalen høgdebasseng VAR syner eit mindreforbruk på NOK 426.384.- for rekneskapsåret 2018. Prosjektet vert vidareført i 2019 og er rebudsjettert i vedtak gjort av kommunestyret i sak KOM 003/19.

Linje 32: Prosjekt 6178 vassleidning Framhus/eternittsanering VAR. Sjå kommentar linje 30 over.

Linje 33: Prosjekt 6179 – vatn/avløp Ødegård industri syner eit mindreforbruk på NOK 219.750.- for rekneskapsåret 2018. Prosjektet er rebudsjettert for 2019.

Linje 34: Prosjekt 6199 – dam Buvatn/Svartevatn har eit meirforbruk på NOK 89.011.- for rekneskapsåret 2018 utan gyldig budsjettløyving.

Linje 35: Prosjekt 6200 - byggjefelt Liabygda veg har eit mindreforbruk på NOK 5.539.875.- for rekneskapsåret 2018. Prosjektet går over fleire år og er rebudsjettert i 2019.

Linje 36: Prosjekt 6206 – Kopane har eit mindreforbruk på NOK 2.928.472. for rekneskapsåret 2018. Prosjektet går over fleire år og er rebudsjettert i 2019.

Linje 37: Prosjekt 6232 – kryss FV60-Fursetreset har eit mindreforbruk på NOK 4.809.800.- for rekneskapsåret 2018. Prosjektet går over fleire år og er rebudsjettert i 2019.

Linje 38: Prosjekt 6233 – kryss FV60-Langøyli har eit mindreforbruk på NOK 718.706.- for rekneskapsåret 2018. Prosjektet er sett på vent og er difor ikkje rebudsjettert i 2019.

Linje 39: Prosjekt 7614 – Kaihus Hellesylt har eit meirforbruk på NOK 500.000.- for rekneskapsåret 2018. Investeringa vart rekneskapsført i 2018 på bakgrunn av budsjettløyving gjort i 2017.

